

**UTSKRIFT AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I MØRE OG ROMSDAL ELDRERÅD
28. OKTOBER 2005**

**SAK E-20/05 – NOU 2005:11 DET OFFENTLIGE ENGASJEMENT PÅ
TANNHELSEFELTET - HØYRING**

Samrøystes vedtak:

Etter eldrerådet sitt syn bør tannhelse likestillast med anna helse og finansierast gjennom trygdesystemet. Det bør vere same eigendelstak som elles i helsevesenet, med unntak av barn og unge frå 0 – 19 år og eldre og uføre utan særtillegg frå folketrygda (minstepensjonistar). Desse gruppene må få gratis tannbehandling. Dersom dette ikkje kan gjennomførast i denne omgang, ønskjer eldrerådet at følgjande krav vert innfridd:

1. Barn og unge frå 0 – 19 år må få gratis tannpleie.
2. 20-åringar må framleis sleppe med ein eigendel på 25 % ved tannbehandling.
3. Eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie får gratis tannpleie som i dag. Personar med funksjonstap som har heimehjelp og/eller er i privat pleie, må også få gratis tannpleie. Departementet må utarbeide så vidt klare retningslinjer at det blir lite grunnlag for skjønn og forskjellsbehandling.
4. Fylket har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.

Elles sluttar eldrerådet seg til tannhelsedirektøren sine vurderingar.